



## April 2017

### Skjema for melding av Samhandlingsavvik lett tilgjengeleg

Dato for hendinga	Kl. slett/tidspunkt for hendinga	Kommune
Meldt frå (tenesteområde/eining i kommunen)	Kva avdeling og sjukehus i Helse Førde gjeld meldinga?	Kva avtale eller prosedyre gjeld eventuelt avviket ( <u>oppgi punkt</u> )

Koordineringsrådet har vedteke ei felles ordning for melding av avvik og uønskte hendingar knytt til samhandling. For å få eit godt samarbeid, kvalitetsforbetring og læring, er det viktig å melde frå om avvik og uønskte hendingar internt i Helse Førde HF, internt i kommunane og mellom kommunane og Helse Førde HF.

Det er utarbeidd eit eige skjema til bruk i kommunane for melding om avvik/uønskte hendingar med framlegg til forbetringstiltak. Dette er rettleiande for kva opplysningar som trengs. Etter ønske frå fleire kommunar er skjemaet no lagt ut på [«Samhandlingssida»](#). Skjemaet ligg også på nettsidene til Helse Førde HF. Les gjerne meir om [når og korleis](#) ein kan melde samhandlingsavvik.

### Tilbyr oppfølging gjennom videosamtale på iPad

Helse Førde HF ønsker å utvikle tilbodet om oppfølging til menneske som treng langtids-oksygenbehandling i heimen. Ein er derfor i ferd med å prøve ut oppfølging pr. videosamtale til nye oksygenbrukarar, ved utstyrssbytte og andre vesentlege endringar. Ved oppstart av oksygenbehandling i heimen får no brukarane tilbod om å bli utstyrt med ein ipad i eit avtalt tidsrom, til dømes 14 dagar.

Slik kan brukaren/pårørande kommunisere via videosamtale med spesialistlegar og sjukepleiarar med særskilt kompetanse knytt til lungesjukdommar. Det kan vere ein fordel og om den [lokale oksygenkontakten](#) i kommunen er til stades. Tema for veileddningssamtalane kan vere opplæring kring bruk og vedlikehald av utstyret, spørsmål kring dosering, praktiske råd og tips, medisinske spørsmål og andre aktuelle emne. Ein er no i ein utprøvingsfase, og har gjennomført dei første videosamtalane. Tilbakemeldingane så langt har vore positive. Enkelt utstyr å bruke, og ein fin måte å kommunisere på. Ved å ha fleire og ikkje alt for lange samtalar kan ein fordele informasjonen, og det er lettare å kunne følge opp det brukarane og deira nærpersongar er opptekne av.



«Det har vore utruleg nyttig med desse videosamtalane. Supert samarbeid med dei lokale oksygenkontaktane. Dei har vore til god hjelpe ved at dei for eksempel har gått rundt i huset med brukarane slik at vi mellom anna har fått målt oksygenmetringa ved fysisk aktivitet. Dette er eit spanande og framtidssretta tilbod som vi ser fram til å kunne utvikle vidare», seier sjukepleiar Nina Johnsen Midtbø begeistra.

På biletet bak frå venstre: overlegane Rune Hørgård Tilseth og Ole Lervik, samt sjukepleiar Øystein Skagen.

Framme frå venstre: sjukepleiarane Guro Grønvold, Nina Johnsen Midtbø, Ingunn Oddny Osen Lervik & Grete Berg Grimelid

## **Velkommen til fagdag Tuberkulose tirsdag 16. mai**



Tuberkulose er framleis ein aktuell sjukdom, og fleire yrkesgrupper har erfaringar med dette gjennom kontrollar, konsultasjonar og behandling. Sjukepleiar Jofrid Aardalsbakke Djupvik ønsker velkomen til [fagleg oppdatering](#) og erfaringsutveksling. Jofrid er sjukepleiar med vidareutdanning i infeksjonssjukepleie og smittevern, og har arbeidd i 50% stilling som tuberkulosekoordinator i Helse Førde HF sidan 2009.

Målgruppa for fagdagen er i hovudsak kommunelegar, smittevernlegar, helsesøstre og representantar frå heimesjukepleien i kommunane.

## **«Frå avmakt til ressurs» - Samhandlingsmøte torsdag 11. mai**

Psykiatrisk klinikk, Rus Døgn inviterer til [konferanse/samhandlingsmøte](#) der mellom anna uteseksjonen i Oslo fortel om erfaringskompetanse i oppsökande sosialt arbeid. Arrangementet blir arrangert på Tronvik, gymsalen, Kyrkjebø. Kursavgift: Kr. 750,- Brukarar går gratis.

## **Kommunal strakshjelp ved rus og/eller psykiske helseproblemer**

I møte i januar 2017, der representantar frå Helse Førde HF og kommunane møttest for å signere avtale mellom partane i høve kommunane sitt ansvar for strakshjelp for menneske med rus eller psykiske lidingar, blei det diskutert om Indre Sogn psykiatrisenter (ISP) kunne lage eit kurstilbod spesielt retta mot personale som arbeider i dei kommunale [«KAD sengene»](#).

Dette resulterte i to identiske [kursdagar 11. og 12. mai](#) ved ISP, der eg sjølv vel kva dag ein vil delta. Målgruppe er i hovudsak personale som arbeider i KAD tilbodet, men kommunane bestemmer fritt om dei ønsker å sende fleire, og/eller andre representantar.

## **Nye folkehelseindikatorar er publisert i Samhandlingsbarometeret**

I samarbeid med kommunar, fylkeskommunen, Fylkesmannen og NAV har Helse Førde HF det siste året jobba for at mange av dei indikatorane kommunane treng i det lovpålagde helseovervakingsarbeidet sitt vert samla i [Samhandlingsbarometeret](#). Kommunar, og andre interesserte, vil då langt på veg sleppe å orientere seg i fleire ulike databasar for å hente data.

Fleire nye indikatorar er no publisert under hovudvala [«Oppvekst og levekår»](#) og [«Helsetilstand»](#). Saman med indikatorane som er publisert tidlegare, inneheld dei seks hovudområda under folkehelsevalet no heile 34 ulike indikatorar. Desse bidreg til å gje eit bilet av helseituasjonen i fylket og i den einskilde kommune, der ein og kan samanlikne seg med andre kommunar, og gjennomsnittet for fylket og landet. Fleire indikatorar vil bli lagt inn i tida framover. Helse Førde HF og samarbeidspartane har identifisert rundt aktuelle 60 indikatorar.

[Folkehelseindikatorane](#) skal ikkje berre nyttast i helseovervakinga, men også som faktagrunnlag for det fortløpende sektorovergripande folkehelsearbeidet, og i fag- og forskningsarbeid. [Høgskulen på Vestlandet \(HVL\)](#) og [Senter for helseforskning](#) er viktige formidlarar av Samhandlingsbarometeret ut mot studentar og forskrarar i eigne miljø. Ei viktig oppgåve for desse er å skape interesse blant forskrarar for å forske på det førebyggande og helsefremmande feltet.

